

Vedlegg 1

Kvernåe naturområde i tekst og bilete


av

Øyvind Nordli



foto: ØN 2. juli 2007

Kvernåe naturområde inneheld ikkje mindre enn to strandliner frå siste isavsmelting og dertil særmerkte daudis-groper. Dermed er dette landskapet ein viktig historieforteljar. Lendet er bratt og ulendt og vernar seg sjølv mot inngrep, men langsetter strandlinene er terrenget svært lettgått. Sentralt gjennom området fossar Kvernåe. Saman utgjer dette ein heilskap.



Kart over området teikna av Rolf Sønstebo med nokre ekstra namn sette på av Øyvind Nordli (i blå firkantar)

For folk som kjem utanfrå til Kvernåe, startar ofte turen på bilvegen sør for Kvernåe (med nord og sør vil eg her meine opp dalen og ned dalen slik innarbeidd seiemåte er i Gudbrandsdalen). Bilvegen kjem opp til Nedre Floten frå sør som på den sida av åa også blir kalla Milisletten. Dette er ein del av den gamle strandlina til ein isdemd sjø som vart til i nedsmeltings-perioden etter siste istida.



«Bilveg» om det kan kallast så på sørsida av Kvernåe og Fjellvabekken.



Området ved Kvernåe er som ei lærebok i kvartær-geologi. Her er Fjellvabekken i ferd med å erodere bort delar av strandlina (Nedre Floten), medan den større vassføringa i Kvernåe langt på veg har gjort den jobben.



Erosjonen på grunn av Fjellvabekken er jamvel i ferd med å viske bort eit kulturminne. Denne dyregrava blir truleg borte om ein generasjon eller to, om ikkje før.

Om vegen frå Blæstergrende kan kallast bilveg er vel ei smakssak, men slik han ligg i dag er han framkomeleg med vanleg personbil. Frå der vegen sluttar er det gangstig fram til Kvernåe. Stigen vart til etter at ei bru vart bygd over åa på dugnad i 2005. Stigen viser at det no er stor ferdsle fram til brua. Bru-konstruksjonen er ei tradisjonell saksebru



Kvernåe viser seg ved brua på to ulike måtar, som ein lang foss ovafor brua og som ein serie fossefall med høljar eit lite stykke nedafor brua. Det er fisk i hølane, men fisket er no til dags lite brukt. Om vinteren blir det ofte ope vatn i desse hølane.



Fossen ovafor brua på Nedre Floten.



Kvernåe ved brua på Nedre Floten.

Vatnet har passert under brua på veg ned mot neste foss som er starten på ein serie med karakteristiske fossefall. Dei øvste er lette å observere frå svaberga ved brua. Fotoet er teke frå brua.



Berre om lag 200 m frå brua ligg Svarttjørne dit ein smal stig fører, og før ein kjem til tjørna må ein krysse Svarttjørbekken. I turre somrar kan bekken vera heilt utturka.





Svarttjørne har bål plass og er ein populær kvilestad med utlagt turbok og gradstokk.



Svarttjørne er også eit vanleg referansepunkt i eit nytt tursystem for området



I det turre klimaet på Lesja er furu dominerande på sandmoane som her etter Nedre Floten. Denne opparbeidde stigen er godt farande med terrengsykkel. Langs strandlina som Nedre Floten er ein del av, er det lett terrengsykling om lag 15 km frå Blæstergrende til Vidfloten på Lesja. Vi legg også merke til dei gode markeringane av stigen med raud/kvit farge.





Stort sett står skogen tett langssette stigen på Nedre Floten, men ved hogst kan dalen opne seg for utsyn, eller av og til kan ein slumpe til å få godt utsyn mellom eldre furutre.



Den største og djupaste daudisgropa er Djupholo, men det er også fleire andre slike groper i terrenget. I mange veks det ikkje skog i botnen, kanskje fordi det kan stå vatn der av og til då særleg om våren.



Den øvre strandlina, Øvre Floten, er noko smalare enn den nedre og oftare erodert bort enn den nedste. Her er ingen stig opparbeidd og den naturleg trakka stigen ikkje merkt. Denne strandlina ligg om lag 40 høgdemeter over den nedste.

Den som vil til fjells brukar anten vegane opp til Høgsetre eller Bottheimsetre. Høgsetervegen på sørsida av Kvernåe er ein kjerreveg, medan Bottheimsetervegen er opparbeid med handmakt og solid murarbeid. Vegen er farande med terrengbil eller traktor. Det er populært å gå opp den eine vegen, fylgje merkt stig mellom setrene, og gå ned att den andre.




Stigen mellom setrene kryssar Kvernåe over ei klopp som også er gjort på dugnad. Ved kloppa er det bål plass med utsyn mot ein foss ovafor brua.





Frå kloppa fører ein merkt stig ned langsetter åa mot Svarttjørne. Lendet er variert med bjørkeskog øvst, svaberg og skrinns jord nedafor og tettare furuskog når ein nærmar seg Svarttjørne.





Det er gjort ein stor innsats med rydding og merking av turstigar i området ved Kvernåe. Til saman er det sett opp 62 skilt og 150-200 spildrer på tre som viser vegen, kvar veg med sine fargekodar. Ved Rolstad Camping er turforslag lagde ut ved hyttene. Lesja kommune har gjeve ut ein turbrosjyre der turane er omtala.



Lesja kommune har eit trimopplegg som heiter «Fysak». Olav P. Amundgård har arrangert mange slike møtepunkt med trimkasse, vegvisarar og termometer. Biletet viser arrangementet på Høgsetre.